

REGLEMENT FOR UTBETALING AV REPRESENTANT- OG GRUPPETILSKOT I HAREID KOMMUNE

Vedteke av Hareid kommunestyre 25. mars 2021 i sak 30/21

Revidert av Hareid kommunestyre 11. mai 2023 i sak 29/23

Formål

Tilskotet bør i hovudsak gå til å dekke utgifter til opplæring av representantane og administrative kostnadar.

Utrekning

Dei årlege løyvingane til representant- og gruppестøtte må fastsettast i siste heile år i kommunestyreperioden. Vedtaket skal gjelde for utbetalingane dei neste fire åra, men skal indeksregulerast årleg.

10 prosent av løyvingane går til å betale gruppестøtte. Denne potten blir delt likt på alle gruppen/partia som blei valt inn i kommunestyret. Gruppetilskotet blir betalt ut samla for heile fireårsperioden i kommunevalåret.

Representanttilskotet (90 prosent) blir fordelt ut frå kor mange faste medlemmar partiet/gruppa har i kommunestyret.

Det er kommunestyret si samansetning etter valet som er avgjerande for utrekninga. Utrekning av representant- eller gruppetilskot vil ikkje endre seg om representantar byter parti eller blir uavhengige i løpet av valperioden.

Utbetalingsmåte

Støtta blir betalt ut til parti/gruppeorganisasjonen. Representant- og gruppetilskotet er eit tilskot til den folkevalde gruppa og ikkje lokallaget i partileddet. Tilskotet må derfor haldast utanfor rekneskapen og innrapporteringane som lokallaget gjer.

Utbetalningstidspunkt

Tilskotet skal betalast ut i september kvart år, eller etter kommunevalet i valår.

Kontroll

Utbetaling av tilskotet er tillitsbasert. Det vil ikkje bli ført kontroll om partia/gruppene/representantane nyttar tilskotet etter formålet, jf. partilova paragraf 10, fjerde ledd.